

# **SAMHANDLINGSPLAN MOT SSA**

**EIN PLAN FOR TVERRFAGLEG SAMHANDLING FOR Å  
FØREBYGGJE OG HANDTERE SEKSUELT  
SKADELEG ÅTFERD MOT BARN OG UNGE**



**BREMANGER  
KOMMUNE**



**POLITIET**

## Til brukarar av planen!

Politirådet vedtok i møte 22.09.2020 – med ordføraren i spissen - at det skulle bli utarbeidd ein plan for tverrfagleg samhandling for å førebyggje og handtere seksuelt skadeleg åtfærd mot barn og unge.

Planen har tatt utgangspunkt i mal frå Tromsø kommune sin plan «*En plan for tverrfaglig samhandling for å forebygge og håndtere seksuelt krenkende handlinger blant barn og unge*» og vi har etter avtale med Tromsø kommune fått løyve til dette.

Ei breitt samansett gruppe på tvers av etatar i kommunen, samt samarbeidspartar utanfrå har vore med i utarbeidinga av planen og gjort til at planen er blitt realisert.

Bakgrunnen for ein slik plan var at vi dei seinare åra også har sett ein aukande trend i Bremanger der seksuell trakassering er blitt meir og meir vanleg.

Seksuell trakassering blir definert som uønskt seksuell merksemd og handlar om åtfærd og handlingar som spelar på kjønn, kropp og seksualitet, og der den eine parten opplever det som hender som ubehageleg eller trugande.

Ungdata-undersøkinga i Bremanger våren 2021 viser at ein god del unge i Bremanger også opplever å bli utsette for seksuell trakassering. Jenter er generelt meir utsette enn gutar, men gutar opplever også denne forma for

trakassering. Dei opplever m.a. at det mot deira vilje vert delt nakenbilete av dei på sosiale medium.

Bremanger kommune og Politiet i Bremanger tar denne negative utviklinga på alvor og ønskjer med denne planen å gje dei som til dagleg jobbar med barn og unge, foreldre og ungdom eit verktøy for å førebyggje og handtere denne problematikken.

Det har vore gjennomført eit omfattande og grundig arbeid gjennom møte med ungdom og foreldre, arbeidsmøte samt involvering av relevante fagmiljø som jobbar med ungdom og seksuelle overgrep. Her vil vi særleg nemne samarbeidet med Nok, som i stor grad har vore involverte i utarbeidinga av planen og som er aktørar i den tverrfaglege samhandlinga.

Politiet i Bremanger og Bremanger kommune er stolte og nøgde med det arbeidet som er lagt ned.

Tusen takk til alle!

Arbeidet med planverket går no inn i ein ny fase – implementering av planen er viktig, og vi som skal bidra inn må halde trykket oppe.

Lukke til!

Gro Abildsnes  
Kommunalsjef for oppvekst,  
prosjektleder

## Innhald:

<b>1. BAKGRUNN, MÅL OG AVKLARINGAR</b> .....	4
1.1. <b>Bakgrunn for arbeidet</b> .....	4
1.2. <b>Mål med planen</b> .....	5
1.3. <b>Bruk av omgrep og avgrensingar</b> .....	5
1.4. <b>Metode</b> .....	6
1.5. <b>Kva seier foreldre?</b> .....	7
1.6. <b>Kva seier ungdom?</b> .....	7
<b>2. AKTØRAR I DEN TVERRFAGLEGE SAMHANDLINGA:</b> .....	8
<b>3. KORLEIS FØREBYGGJE SEKSUELT SKADELEG ÅTFERD?</b> .....	11
<b>4. HANDLINGSMATRISSE</b> .....	16
<b>5. KVA FOR LOVBESTEMMINGAR I STRAFFELOVA KAN BLI GJELDANDE ?</b> ..	18
<b>6. Kontaktinformasjon og aktuelle nettstader</b> .....	19

### Organisasjon:

Prosjekteigar: Formannskapet i Bremanger  
Prosjektansvarleg: Ordførar, Anne Kristin Førde  
Styringsgruppe: Bremanger politiråd  
Prosjektleiar: Kommunalsjef, oppvekst

Referansegrupper: Ungdomsrådet  
Driftssjefsgruppa, oppvekst  
Fagleiargruppa, barnehage  
Det tverrfaglege møtet  
Koordinerande eining

Arbeidsgruppe: Gro B. Abildsnes, kommunalsjef oppvekst, PL  
Espen Gulliksen, repr. frå politiet  
Henning Mulelid, representant frå ungdomsrådet  
Sindre Fjeld, driftssjef Svelgen oppvekst  
Anita Løver, repr. frå kultur  
Idun Mjåseth, repr. frå barnevern  
Hilde Ommedal Myklebust, repr. frå Helsestasjonen

# 1. BAKGRUNN, MÅL OG AVKLARINGAR

## 1.1. Bakgrunn for arbeidet



*I den seinare tid har det på nasjonalt plan vore registrert ei aukande grad av seksuelt krenkande handlingar hos barn og unge. Dette kjem mellom anna til uttrykk gjennom seksualisert språkbruk, bilete- og videodeling og grensesprengande handlingar. Desse tendensane ser vi også i Bremanger.*

I politirådet den 26.02.2020 (sak 06/19), la representanten frå politiet fram korleis utviklinga i høve bruk av sosiale medium har utarta seg den seinare tida. Politirådet konkluderte med at det er trong for ein lokal plan etter mal frå liknande plan i Tromsø. Det vart i møtet bestemt at kommunalsjef for oppvekst skulle utarbeide mandat til slik plan til neste møte.

I politiråd 22.09.2020 vart det lagt fram skisse til mandat for planen. Det kom innspel frå rådet om prosjektorganisering og samansetnad til arbeidsgruppe og referansegruppe. Det vart også bestemt at planen skulle vere ferdig til handsaming i kommunestyret juni 2021.

Mandatet vart godkjent i Formannskapet den 12.11.2020, sak 120/20.

### Vårt mandat:

Barnekonvensjonen gjev barn og unge rettar som er viktige for arbeidet mot vald og overgrep. I sin tur stiller dette krav til styresmaktene og oss som har ansvar for barn og unge også i Bremanger kommune.

- Artikkel 19 pålegg oss å setje i verk tiltak for å verje barn mot alle former for vald og overgrep.
- Artikkel 6 pålegg oss, så langt råd, å sikre barn sin rett til optimal utvikling.
- Artikkel 34 pålegg oss å verje barnet mot alle former for seksuell utnytting og seksuelt misbruk.
- Artikkel 42 forpliktar oss å gjere barn kjende med rettane sine.

Ein rapport frå NOVA viser at det i perioden 2007 til 2015 var ein stor auke i del ungdomar som har blitt utsette for seksuelle krenkingar frå jamaldrande, vener, veninner, kjærastar eller andre kjende. Rapporten seier at ungdom krenkjer kvarandre sine grenser og dei vert utsette for krenkingar frå vaksne med makt. Dei meiner sjølve at dei veit for lite om kva som er ulovleg og konsekvensane av det som skjer. Rapporten peikar også på at opplæringa barn og unge får frå barnehage til vidaregåande skule ikkje i det heile dekkjer det behovet dei har.

Overgrep mot barn og unge er ei av våre store samfunnsutfordringar, der seksuelle krenkingar er ein del av dette biletet – dette må vi ta på alvor.

Seksuelle krenkingar kan få store konsekvensar for dei som blir utsette for det. Kva for konsekvensar det får, vil vere avhengig av kva for type krenkingar og individuelle forhold hos dei som vert utsette for det.

Vi må arbeide førebyggjande for å hindre at det skjer og barn/ungdom må få høve til å søkje hjelp og oppfølging dersom dei opplever vald eller overgrep.



Vi må gjere ein jobb for å endre haldningar, sikre betre kunnskap og gje betre hjelp til dei som treng det. Ungdommen si stemme er eit viktig bidrag i arbeidet. Barnekonvensjonen artikkel 12 seier at alle barn har rett til å bli høyrde i alle saker som vedkjem dei, og at meiningane deira skal tillegkast vekt.

Det må vere eit mål for Bremanger kommune at barn og unge i Bremanger kommune skal oppleve at kommunen og lokalsamfunnet er ein trygg stad å vokse opp utan å bli utsett for seksuelt krenkande handlingar.

For å sikre at vi oppfyller dei forpliktingane vi har i høve barnekonvensjonen og nå målet om at Bremanger kommune skal vere ein trygg stad å vokse opp, må vi ta nokre viktige grep. Vurderinga er at ein slik plan vil vere ei god hjelp i dette arbeidet.

## 1.2. Mål med planen



**Barn og unge i Bremanger kommune skal oppleve at kommunen og lokalsamfunnet er ein trygg stad å vokse opp utan å bli utsett for seksuelt krenkande handlingar.**

**Oppdraget var å lage ein plan for tverrfagleg samhandling for å førebyggje og handtere seksuelt skadeleg åtferd mot barn og unge. Planen skal handsamast i kommunestyret seinast juni 2021.**

Planen skal:

- gje dei som til dagleg jobbar med barn og unge, eit verktøy for å førebyggje og handtere denne problematikken.
- Gje barn og unge kunnskap om korleis dei skal handtere situasjonar der dei sjølve kan bli utsette for eller utsette andre for krenkande seksuelle handlingar
- Styrke foreldrerolla for å førebyggje og handtere situasjonar der barna er involverte
- Sikre god og trygg tverrfagleg samhandling og gjere seg nytte av lokal og ekstern kompetanse

## 1.3. Bruk av omgrep og avgrensingar



Med seksuelt skadeleg åtferd vert det i denne planen meint:

- verbale utsegn og språkbruk, direkte og digitalt som vert oppfatta seksuelt krenkande
- digital deling av bilete og video med seksuelt innhald (bilete av kropp, kjønnsorgan og seksuelle handlingar)
- fysiske handlingar som vert oppfatta som seksuelt krenkande (beføling og seksuell utforsking)

Målgruppa for planen er barn, ungdom, foreldre og hjelpeapparatet.

Barn og unge vert definert som alle barn og unge frå 0 til 18 år.

Hjelpeapparatet (s. 15, 16 og 17) vert definert som aktørane i den tverrfaglege samhandlinga (s. 8 og 9)



#### 1.4. Metode

Hausten 2020 vart det sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe leia av oppvekst. Grappa har vore samansett av representantar frå oppvekst; barne- og ungdomsskular; politi; Helse og omsorg; Samfunn og utvikling, representert ved kultur.

Høyringsinstansar har vore Ungdomsrådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Foreldra sitt arbeidsutval (FAU). Det har vore viktig for arbeidsgruppa å få innblikk i og forståing for røyndomen til ungdom og foreldre i høve denne problematikken. Dette for å kunne utvikle og iverksette hensiktsmessige tiltak og bidra til samhandling.

Arbeidsgruppa valde ein kvalitativ innfallsvinkel og metode og hadde intervju / samtalar med grupper av elevar frå dei tre største skulane i Bremanger, samt gruppesamtalar med FAU-representantar. Vi brukte intervjumalen som Tromsø brukte i samtalanene; føremålet var å få eit faktagrunnlag som vi kunne byggje tiltaksdelen vår på, samt skape systematisk og heilskapleg samhandling på tvers av fag og kompetansefelt. Slik er vi betre rusta til å skape ei lokal motkraft til dette fenomenet.

Intervjua med elevgruppene har vore gjennomførte av helsesjukepleiarane som vanlegvis har samtaletid i på oppvekstsentra.

Kommunalsjef for oppvekst gjennomførte intervju med alle FAUa i kommunen.



## Kva seier foreldre?



- Dei har ikkje full oversikt over kva sosiale medium barna og ungdomane deira er på, men dess yngre dei er, dess betre kontroll.
- Mange opplever at det er utfordrande å setje grenser for barna sin bruk av telefon og data og at det er vanskeleg å samarbeide med andre foreldre om grensesetjing. Dei aller fleste ønskjer eit slikt samarbeid.
- Foreldra synes det er vanskeleg å følgje med i den digitale utviklinga i høve sosiale medium, og erkjenner at barna/ungdomen alltid ligg eit skritt framfor.
- Mange foreldre er klar over at barna/ungdomen deira kan bli utsette for seksuelle krenkingar på nett og kjenner ofte på denne uroa.
- Dei ønskjer å bli oppdaterte på kva digitale medium som finst og ønskjer kurs i dette, og dei meiner FAU kan vere ein pådrivar for å få dette til.
- Dei meiner det er viktig å skape den gode dialogen med barna om vanskelege tema tidleg, slik at når det oppstår situasjonar på nett som barna synes er vanskeleg, kan dei lettare ta kontakt med foreldra om det.
- Dei ønskjer meir kunnskap om temaet seksuelle krenkingar både for seg sjølve og for barna, og meiner det er viktig å sette temaet på agendaen tidleg – allereie i barnehagen.
- Dei ønskjer at det vert tatt opp som tema i foreldregruppa i skuleregi der ein legg opp til erfaringsutveksling

## 1.5. Kva seier ungdom?



- Ungdom meiner at ein kan oppleve seksuell krenking i alle situasjonar, men at det skjer mest gjennom sosiale medium
- Ungdom vert pressa til å sende nakenbilete av seg sjølve
- Dei meiner det er vanskeleg å seie nei når ein vert pressa til å sende nakenbilete av seg sjølve – då kan ein bli sett på som feig.
- Mange av dei som vert utsette for seksuelle krenkingar gjev ikkje beskjed til nokon
- Det er veldig vanleg å bli kalla med nedsettande ord med seksuelt innhald, t.d. «bitch» og «hore», så vanleg at ungdomen nesten ikkje gidd å bruke energi på å stå i mot det lenger

## 2. AKTØRAR I DEN TVERRFAGLEGE SAMHANDLINGA:

<b>Barnehage</b>	<p>Møter barn dagleg gjennom heile året. Barnehagen har ei viktig rolle i å sjå, avdekke og melde frå om bekymringar. Barnehagen gjennomfører utviklingssamtalar med foreldre to gangar i året og har elles tett samarbeid med foreldra.</p>
<b>Helsestasjonen</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Jordmor</li> <li>• 0-5 år</li> <li>• Skulehelseteneste</li> <li>• HFU</li> </ul>	<p>Jordmor har jamlege treffpunkt med foreldre i svangerskapet og har tett samarbeid med helsesjukepleiar. Etter fødsel møter helsesjukepleiar foreldre og barn om lag kvar månad til barnet er over 1 år, deretter om lag kvart 2. år til skulestart etter gjeldande retningslinjer frå helsedirektoratet. Ein tilbyr foreldrerettleiing eller kan tilvise til andre instansar dersom det er behov for det.</p> <p>Etter barnet har starta på skulen møter helsesjukepleiar elevar om lag kvart år til anten vaksining, veging/måling, gjennom undervisning eller gjennom samtaletid. Helsesjukepleiar er ved alle ungdomsskular kvar veke og tilbyr «drop-in» til elevar. Ein har tett samarbeid med skulane, og er med i mange tverretatlege samarbeidsfora.</p> <p>HFU – helsestasjon for ungdom – er eit tilbod ved begge helsestasjonar for alle mellom 16 og 23 år. Ein kan få hjelp til m.a. seksuell helse, prevensjon, rus, trivsel, fysisk og psykisk helse.</p>
<b>Skule</b>	<p>Møter barn og unge dagleg gjennom heile året. Skulen har ei viktig rolle i å sjå, avdekke og melde frå om bekymringar. Skulen gjennomfører elevsamtalar med kvar elev og har utviklingssamtalar med føresette og elev minst to gangar pr år. Skulen samarbeider tett med føresette. Skulen set dagsorden i møte med føresette og barn og har høve til å påverke og forsterke tema.</p>
<b>Politiet</b>	<p>Rådgjevande drøftingsorgan i saker knytt til vald og seksuelt krenkande åtferd. Bidreg med kompetanseheving på fagområdet, førebyggjande arbeid, samt handterer melde saker.</p>
<b>Statens barnehus</b>	<p>Utgangspunktet for å kome til Statens barnehus er ei melding til politiet. Politiet kan som ein del av etterforskinga velje å gjere avhøyr på barnehuset av den som har vore utsett.</p> <p>Barnehuset er for barn og ungdom der det er mistanke om at dei kan ha vore utsette for, eller vitne til, vald eller seksuelle overgrep. Tilbodet er også for vaksne med utviklingshemming eller vaksne som er særleg sårbare, samt ungdom som kan ha vore utsette for tvangsekteskap eller kjønnslemlesting. I tillegg kan politiet gjere avhøyr på barnehuset av unge som har krenka andre seksuelt.</p> <p>Barnehuset gjev tilbod om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mottaking og tilrettelegging ved avhøyr</li> <li>• Medisinske undersøkingar</li> </ul>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tverretatleg samarbeid før, under og etter avhøyr</li> <li>• Vurdering av behandlingsbehov</li> <li>• Oppfølging og behandling</li> <li>• Spisskompetanse på seksuelle overgrep, vald og vitne til vald i nære relasjonar</li> <li>• Rådgeving og konsultasjon til offentlege aktørar og privatpersonar</li> <li>• Fagutvikling og kompetanseheving om vald og seksuelle overgrep</li> </ul>
<b>Konfliktrådet</b>	<p>Statleg teneste som legg til rette for samtalar og møte for å handtere konflikter. Føremålet er at partane gjennom dialog kan finne fram til gode løysingar anten det gjeld å gjere opp for konkrete lovbrøt, eller gjenopprette mellommenneskelege relasjonar.</p> <p>Gjev tilbod om ungdomsoppfølging knytt til psykologspesialistar innanfor tema skadeleg seksuell åtferd.</p>
<b>PPT</b>	<p>Rådgevingande og sakkunnig instans i spørsmål om utvikling, læring og trivsel for barn i barnehagealder og elevar i grunnskulen. PPT greier ut einsskilte barn sine behov og gjev råd og rettleiing til foreldre, barnehage, skule og andre samarbeidspartar. Bidreg med kompetanseheving i barnehage og skule gjennom kurs og konsultasjonar til tilsette. Deltak i møte med skulen og barnehagen.</p>
<b>Barneverntenesta</b>	<p>Skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får trygge oppvekstvilkår, naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Når barneverntenesta får opplysingar om at barn og unge lever i ein omsorgssituasjon som er prega av vald og overgrep, skal tilhøva meldast til politiet. Dersom politiet vurderer opplysingane som alvorlege, vil tilrettelagt avhøyr ved Statens barnehus bli gjennomført. Barneverntenesta kan deretter fatte akuttvedtak om beredskapsheim dersom det er behov for det. Barneverntenesta kan brukast som drøftingsorgan i einsskildsaker, anonymt ved behov. For hjelp frå barnevernet må det ligge føre ei bekymringsmelding. Du, andre privatpersonar og offentlege instansar kan melde om bekymring.</p>
<b>Nok. Kompetansesenter mot seksuelle overgrep</b>	<p>Nok. Sogn og Fjordane er eit kompetansesenter mot seksuelle overgrep. Det er eit tverrfagleg lågterskel hjelpetilbod til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande. Senteret gjev tilbod om einssamtalar, gratis juridisk rådgeving og hjelp til kontakt og samarbeid med anna hjelpeapparat. Nok. gjev ikkje behandling, men vert drive etter prinsippet «hjelp til sjølvhjelp», og er eit supplement til det offentlege hjelpeapparatet. Tilbodet er gratis og ein treng ikkje tilvising. Senteret er og ein fagressurs som tilbyr rettleiing og undervisning til skuleklassar, lærarar, barnehagetilsette, helsepersonell og andre fagpersonar om tema som omhandlar seksuelle overgrep. Førebyggjande arbeid er ein viktig del av sentra si</p>

	verksemd. Sjå her for meir informasjon; <a href="#">Nok. Sogn og Fjordane</a>
<b>BUP</b>	Spesialisert helsetilbud til barn og ungdom frå 0-18 år med moderate til alvorlige psykiske helseplager. BUP gjev tilbod om utgreiing og behandling i samarbeid med familie, nettverk og andre instansar. Ein må ha tilvising frå fastlege eller barnevernstenesta.
<b>Det tverrfaglege møtet</b>	Det tverrfaglege møtet er ein møteplass der tilsette eller føresette møter eit samla hjelpeapparat for å finne gode tiltak saman på eit så tidleg stadium som mogleg. Det er faste deltakarar frå helsestasjonen, psykisk helse, barnevern og PPT. Døme på saker ein kan drøfte kan vere endring i åtferd, utfordrande åtferd, samarbeid tilsette-føresette, psykisk helse, endringar i skule-barnehagemiljø m.m. Bekymringar kring born eller tema kan takast opp anonymt eller med namn dersom ein har samtykke. Det er faste møte om lag kvar 6. veke, men ein kan når som helst be om eit ekstra møte.
<b>Mobbeombodet</b>	Skal passe på at alle elevar i grunnskule og vidaregåande opplæring har eit godt psykososialt læringsmiljø. Mobbeombodet er nedsett av fylkestinget, og er ein uavhengig ressursinstans som har teieplikt.
<b>Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging - region Vest (RVTS)</b>	Eit ressurssenter som skal bidra med kunnskap til tenesteapparatet på område som traume og traumatisk stress, herunder psykososial beredskap, vald og overgrep, inkludert vald i nære relasjonar, førebygging av sjølvmoord og sjølvskading, flyktinghelse og tvungen migrasjon.
<b>Kultur</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kulturskulen</li> <li>• Bibliotek</li> <li>• Ung i Bremanger</li> <li>• Bremanger Frivilligsentral</li> <li>• Lag &amp; organisasjonar</li> </ul>	Kultur, Fritid og Nærmiljø er sentrale aktørar i barn og unge sitt oppvekstmiljø. Saman skal ein skape arena for tryggleik, trivsel og meistring. Innhaldet i verksemda skal vere prega av barn og unge sitt behov for leik, kulturaktivitet og sosial læring. Kultureininga møter barn og unge gjennom heile året, og er en viktig aktør i å sjå, avdekke og melde frå om bekymring.



### 3. KORLEIS FØREBYGGJE SEKSUELT SKADELEG ÅTFERD?

#### Ei oversikt over førebyggjande tiltak:

For å kunne redusere tal hendingar er det viktig med førebyggjande tiltak og handling som kan vere ei reell motkraft. Det er sjeldan tilstrekkeleg at skulen set inn tiltak dersom føresette ikkje følgjer opp heime og motsett. Det må vere koordinerte tiltak som vert sett i verk. I tillegg må det vere kjennskap til kva for førebyggjande tiltak som kan setjast i verk og kven som kan bidra med kva.

**Tiltaka som er skissert under, er universelle førebyggjande tiltak som gjeld alle barn og unge**

Aktørar:	Tiltak/aktivitet	Ansvar:
Foreldre	<p>5 tips frå Redd barna for å snakke med barn om kropp, grenser og seksuelle overgrep:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ta utgangspunkt i situasjonar i kvardagen</li> <li>• Lytt, spør og bruk barna sitt språk</li> <li>• Ver ærleg</li> <li>• Snakk om korleis ein kan få hjelp</li> <li>• Gjer barna trygge</li> </ul> <p><a href="http://www.reddbarna.no">www.reddbarna.no</a></p> <p>Du som forelder må:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samtale med barna om tema</li> <li>• Setje grenser og lære dei sjølve å setje grenser</li> <li>• Snakke med barn og unge om biletdeling, språkbruk, fysisk og psykisk krenking overfor andre.</li> <li>• Vere gode rollemodellar</li> </ul>	Foreldre
Skule	<p>Plan for sosial kompetanse: sosial kompetanse – livsmeistring</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• på timeplanen gjennom heile skuleåret</li> <li>• Det skal vere null toleranse for seksuelt krenkande handlingar i skulen</li> </ul>	Skuleleiing
	<p>Elevsamtalar og utviklingssamtalar mellom lærer, foreldre og elev med spørsmål rundt biletdeling, språkbruk, fysisk og psykisk krenking.</p>	Kontaktlærar
	<p>Nettkurs om vald og overgrep for tilsette i barnehage, skule og kultur. For meir informasjon, sjå her; <a href="#">Vold og seksuelle overgrep mot barn - RVTS Nord</a></p>	
	<p>Veke 6 – «annleisveka» Skal markerast kvart år med fokus på å gjennomføre god og heilskapleg undervisning om ulike tema innan fysisk og psykisk helse. Det vert vektlagt å skape trygge rom for læring og</p>	Skuleleiinga Helsestasjon Politiet

	refleksjon, gjennom dialogbasert normkritisk og alderstilpassa undervisning med fokus på helse og trivsel og førebygging av mobbing	
	Markering av verdsgdagen for psykisk helse.	Skuleleiinga Familie og helse
	Styrke den digitale dugleiken og dømmekrafta til elevane: korleis førebyggje og handtere seksuelt krenkande handlingar skal vere ein del av denne opplæringa.	Skuleleiinga
	Temamøte i skulane retta mot føresette, lærarar, elevar og andre aktuelle deltakarar. Tema og refleksjon rundt barn som krenkar seksuelt.	Skuleleiing og andre aktuelle aktørar
	Elevrådet sitt årshjul: Tema skal inn i årshjulet. Planen skal gjennomgåast og det skal drøftast korleis det skal jobbast med dette på den einskilde skule.	Elevrådslærar
	Det tverrfaglege møtet der barnehage, skule, PPT, barnevern og helsesjukepleiar deltek.	Leiar for Det tverrfaglege møtet
	Regler for mobilbruk og tydelege rammer for eit trygt skulemiljø	Skuleleiing
	Forankring av temaet i skulen sin lokale handlingsplan mot mobbing.	Skuleleiing
	Bruke materiell frå eksterne faginstansar, t.d. Redd Barna	
Barnehage	Foreldremøte i barnehagar, kan invitere inn eksterne aktørar til å delta.	Fagleiar bhg./Nok
	Opplæring for dei tilsette i Hjartesarmling i regi av Nok. Dette er ein metode utvikla for å gje barn språk og verktøy til å fortelje om det som er vanskeleg. Det er eit førebyggjande arbeid lagt opp etter fem tema som alle er viktige trinn i utviklinga av språk og forståing som gjer det mogleg for barna å seie ifrå. Tema i rekkjefølgje: 1. Berøringar 2. Kjensler 3. Mobbing 4. Kroppen 5. Hemmelegheiter  Denne opplæringa kan og utvidast med ei kompetanseheving i; «Fagpersonar si rolle i møte med overgrepssproblematikk»	Fagleiar bhg./Nok

	For meir informasjon; <a href="#">Fagpersonar - Nok. Sogn og Fiordane</a>	
	Bruk av samtalekort utarbeidd av statens barnehus Sjå video her; <a href="#">Samtalekort om kroppsregler – nytt forebyggende verktøy rettet mot barnehagebarn on Vimeo</a>	Fagleiar bhg./ Nok
	<b>HELE MEG, om kropp og grenser i barnehagen.</b> Samlingsmaterieill til bruk i barnehagen som handlar om heile kroppen og heile mennesket. Materiellet er delt opp i fleire delar og kvar del inneheld ein faktadel og ei forteljing. Det er også refleksjonsspørsmål som er nyttige både i forkant og i etterkant av samlingane. Her vil ein få mykje «gratis» hjelp til gjennomføring av Hjartesamling. Kjøpes her; <a href="#">Hele meg - om kropp og grenser i barnehagen (www.helemegbhq.no)</a> På nett ligg også eit webinar som vi oppmodar alle til å sjå, der forfattarane fortel om Hele meg, og korleis det kan brukast i barnehagen. Webinaret varar i ca 30 minutt. Hele meg - om kropp og grenser i barnehagen - Bing video	Fagleiar bhg.
	Det tverrfaglege møtet der barnehage, skule, PPT, barnevern, psykisk helse og helsesjukepleiar deltek	Leiar for Det tverrfaglege møtet
	Bruke materieill frå eksterne faginstansar, t.d. Redd Barna	
Førebyggjande helse/ Skulehelsetenesta/ Helsestasjon for ungdom	Gjev rettleiing slik at foreldre skal få kunnskap for å kunne snakke med barna om kropp, kjønn og seksualitet, tryggleik og grenser.	Helsestasjon
	Styrke foreldra sin kunnskap og medvit om barn si naturlege seksuelle utvikling.	Helsestasjonen
	Helsesjukepleiar har individuelle treff med elevar på 2. 3. 6. 7. 8. og 10 trinn. gjennom vaksinasjon eller samtalar, og elles ved behov eller ynskje. Både elevar, foreldre eller lærarar kan ta direkte kontakt.	Helsesjukepleiar på den einskilde skule
	Gruppesamtalar/undervisning om kropp, utvikling og pubertet på 5. og 7. trinn. Undervisning saman med Nok i 6. klasse. Deltaking på annleisveka.	Helsestasjonen / Nok
	Tema som vert tatt opp på barnetrinnet: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Seksuelle rettar – sjølvrespekt, mellommenneskelege relasjonar, seksualitet og identitet</li> </ul>	Helsestasjonen



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kroppen si utvikling – pubertet, fertilitet, reproduksjon</li> <li>• Sex i samfunnet – haldningar, verdiar og mangfald</li> <li>• Grensesetting med omsyn til eigen kropp</li> <li>• Vald og seksuelle overgrep</li> <li>• Porno</li> </ul>	
	<p>Tema som vert tatt opp på ungdomstrinnet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kroppen si normalutvikling – pubertet, fertilitet, reproduksjon</li> <li>• Sex i samfunnet – haldningar, verdiar og mangfald</li> <li>• Seksuelle rettar</li> <li>• Samtykke</li> <li>• Identitet og eigen utvikling</li> <li>• Porno</li> </ul> <p>Kropp og press – både digitalt og elles</p> <p>Legge til rette for undervisninga «Aktivt val» for ungdomsskulelevar. Dette er undervisning om seksuell helse gjennomført av sjukepleiarstudentar med eiga opplæring gjennom Røde Kors. Det er eit gratis tilbod.</p>	Helsestasjonen
Psykiskhelse i samarbeid med helsestasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilbod om samtale tid ein gang per månad for ungdomstrinnet 8. – 10. kl.</li> <li>• Lågterskeltilbod der ungdom utan å måtte bestille time kan komme i kontakt med psykisk helse.</li> <li>• Tett oppfølging dersom det er føremålstenleg etter samtale, både til ungdommen og foreldre</li> </ul>	
<p>Kultur</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kulturskolen</li> <li>• Bibliotek</li> <li>• Ung i Bremanger</li> <li>• Bremanger Frivilligsentral</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Temamøte internt i kultur for å bevisstgjere personalet og auke kompetansen i høve relasjonelt mot.</li> <li>• Delta på temamøte som vert arrangert i skule og barnehage</li> <li>• Utarbeide retningslinjer for arrangement og aktivitet</li> <li>• Bremanger frivilligsentral inviterer lag og organisasjonar til temamøte for å bevisstgjere og gje kunnskap om tema.</li> </ul>	Kommunalsjef og fagleiar
Politi	Tilbod om foredrag i høve utfordringar og trendar blant barn og unge for foreldre/elevar og tilsette.	Skuleleiinga tek kontakt og avtalar tidspunkt
Barnevernet	Barnevernslova sitt generelle føremål og verkeområde er å sikre at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Kommunalt barnevern har difor ei nøkkelrolle i saker der det er meldt bekymring om overgrep, alvorlege seksuelle åtferdsvanskar eller omsorgssvikt. Barneverntenesta skal ha utarbeidd samarbeidsrutinar med lokalt politi og	

	næraste statlege barnehus. Dei samarbeider også med andre lokale fagpersonar som psykologar i kommunale verksemder, tilviser til spesialisthelseteneste som BUP, koordinerer dei kommunale tverrfaglege konsultasjonsteama for traume og valdssaker, koordinerer samarbeidspartar gjennom ansvarsgruppemøte og dei kan initiere og søke tiltak i Bufetat, som familievern eller MST og eventuelt vurdere plasseringsalternativ utanfor heimen.	
Statens barnehus	Bidrar med kompetanseheving i samtale-dugleikar, korleis snakke med barn og unge om denne tematikken. Gje rettleiing i einskildsaker. Tilpassa informasjon og fagdagar til tilsette, foreldre og barn med særskilde behov	Aktørar tek kontakt med Barnehuset ved behov
Nok. Kompetansesenter mot seksuelle overgrep	Nok. kan gje tilbod om <u>ein</u> fagdag til dei tilsette i kvar av grunnskulane i kommunen. På fagdagen vil ein gå gjennom tilpassa undervisningsopplegg for ulike alderstrinn, som dei tilsette sjølv kan ta i bruk.	NOK/skoleeigar
	Nok. gjev tilbod til grunnskulane, primært 6. trinnet om førebyggjande undervisning om blant anna seksuelle overgrep, grenser for eigen og andre sin kropp, porno, vald, psykisk sjukdom og kva ein kan oppleve på nett og i sosiale media.  Helsesjukepleiar og kontaktlærar deltek i dette opplegget. For meir informasjon; <a href="#">Fagpersonar - Nok. Sogn og Fjordane</a>	NOK/skuleeigar skuleleiing/ helsesøster



## 4. HANDLINGSMATRISE

Når eit bilete som vart sendt til kjærasten er delt med andre, når språkbruken til barn og unge bekymrer, når barn og ungdom viser endring i åtferd og får stort fråvere frå skulen. Kva skal ein gjere? Vi har delt handlingar og aktørar i tre kategoriar:

### Handlingar:

1. Verbale utsegn og språkbruk, direkte og digitalt som vert oppfatta seksuelt krenkande.
2. Digital deling av bilete og video med seksuelt innhald (bilete av kropp, kjønnsorgan og seksuelle handlingar).
3. Fysiske handlingar som vert oppfatta som seksuelt krenkande (beføling og seksuell utforsking).

### Aktørar:

Barn/unge:






Foreldre:









Hjelpeapparat:



Her følgjer ei handlingsmatrise som gjev oversikt over alternative handlingar etter at ei hending eller ein situasjon har oppstått. Dette er ikkje ei oppskrift, men ein rettleiar for handling.

Hending:	Aktørar:	Kva kan du gjere:
Verbale utsegn og språkbruk, direkte og digitalt som vert oppfatta seksuelt krenkande	Barn/unge 	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fortel kva som har skjedd til foreldre, ein ven eller andre trygge vaksne</li> <li>• Ta kontakt med helsesjukepleiar, lærar anten i skulen/kulturskulen eller ein ungdomsarbeidar</li> </ul>
	Foreldre 	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innhent informasjon- snakk med barnet ditt og dei andre involverte</li> <li>• Snakk med dei andre foreldra</li> <li>• Informer oppvekstsenteret</li> <li>• Rådfør deg med Konfliktrådet om kva dei kan bidra med dersom andre tiltak ikkje fører fram</li> <li>• Rådfør deg med politiet dersom tilhøvet vert vurdert som ulovleg</li> <li>• Vurder barnet sitt behov for oppfølging og hjelp undervegs og i etterkant av hendinga</li> </ul>
	Hjelpeapparat 	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innhent informasjon- snakk med dei involverte ungdomane og foreldra</li> <li>• Få samtykke til å kontakte relevante samarbeidspartar</li> <li>• Dersom saka ikkje løyser seg, ta kontakt med Konfliktrådet for nøytral bistand</li> <li>• Rådfør deg med politiet dersom tilhøvet vert vurdert som ulovleg.</li> <li>• Vurder bekymringsamtale hos politiet</li> </ul>

Hending:	Aktørar:	Kva kan du gjere:
Digital deling av bilete og video med seksuelt innhald (bilete av kropp, kjønnsorgan og seksuelle handlingar)	Barn/unge 	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fortel kva som har skjedd til foreldre, ein ven eller andre trygge vaksne</li> <li>Ta kontakt med helsesjukepleiar, lærar anten i skulen/kulturskulen eller ein ungdomsarbeidar</li> </ul>
	Foreldre 	<ul style="list-style-type: none"> <li>Innhent informasjon- snakk med barnet ditt og dei andre involverte</li> <li>Informer oppvekstsenteret</li> <li>Rådfør deg med politiet dersom tilhøvet vert vurdert som ulovleg</li> <li>Vurder barnet/den unge sitt behov for oppfølging undervegs og i etterkant. (fastlege, BUP, Barnehuset)</li> </ul>
	Hjelpeapparat 	<ul style="list-style-type: none"> <li>Innhent informasjon- snakk med dei involverte ungdomane og foreldra</li> <li>Få samtykke til å kontakte relevante samarbeidspartar</li> <li>Rådfør deg med politiet dersom tilhøvet vert vurdert som ulovleg.</li> <li>Vurder bekymringssamtale hos politiet</li> <li>Kontakt Konsultasjonsteamet ved Barnehuset dersom det er behov for rettleiing</li> <li>Kontakt Konsultasjonsteamet til RVTS</li> </ul>
Hending:	Aktørar:	Kva kan du gjere:
Fysiske handlingar som vert oppfatta som seksuelt krenkande (beføling og seksuell utforsking)	Barn/unge 	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fortel kva som har skjedd til foreldre, ein ven eller andre trygge vaksne</li> <li>Ta kontakt med helsesjukepleiar, lærar anten i skulen/kulturskulen eller ein ungdomsarbeidar</li> </ul>
	Foreldre 	<ul style="list-style-type: none"> <li>Innhent informasjon- snakk med barnet ditt og dei andre involverte</li> <li>Informer oppvekstsenteret</li> <li>Rådfør deg med politiet dersom tilhøvet vert vurdert som ulovleg.</li> <li>Vurder barnet/den unge sitt behov for oppfølging undervegs og i etterkant. (fastlege, BUP, Barnehuset)</li> </ul>
	Hjelpeapparat 	<ul style="list-style-type: none"> <li>Innhent informasjon- snakk med dei involverte ungdomane og foreldra</li> <li>Få samtykke til å kontakte relevante samarbeidspartar</li> <li>Rådfør deg med politiet dersom tilhøvet vert vurdert som ulovleg.</li> <li>Vurder bekymringssamtale hos politiet</li> <li>Kontakt Konsultasjonsteamet ved Barnehuset dersom det er behov for rettleiing</li> <li>Kontakt Konsultasjonsteamet til RVTS</li> </ul>

## 5. KVA FOR LOVBESTEMMINGAR I STRAFFELOVA KAN BLI GJELDANDE ?

### §266 Hensynsløs atferd

«Den som ved skremmende eller plagsom opptreden eller annen hensynsløs atferd forfølger en person eller på annen måte krenker en annens fred, straffes med bot eller fengsel inntil 2 år»

- at du til dømes deler nakenbilete som du sjølv har tatt av nokon, eller vidaresender nakenbilete du har fått tilsendt av nokon.

### §297 Seksuell handling uten samtykke

«Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes den som foretar seksuell handling med noen som ikke har samtykket i det»

- at du til dømes tar nokon på rumpa eller i skrittet, uten at dei sjølve har bede om det. Altså utan at nokon har samtykka til det.

### §305 Seksuelt krenkende atferd mv. overfor barn under 16 år «Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes den som»

a) i ord eller handling utviser seksuelt krenkende eller annen uanstendig atferd i nærvær av eller overfor barn under 16 år.

b) tvinger eller forleder et barn under 16 år til å utvise seksuelt krenkende eller annen uanstendig adferd, med mindre forholdet er rammet av strengere bestemmelser nevnt i §§ 299-304, § 305 bokstav b eller § 311 første ledd bokstav a, har kommet frem til møtestedet eller et sted hvor møtestedet kan iakttas»

- at du til dømes sender nakenbilete av deg sjølv eller andre til nokon som er under 16 år.

### §311 bokstav c Fremstilling av seksuelle overgrep mot barn eller fremstilling som seksualiserer barn under 18 år

«Med bot eller fengsel inntil 3 år straffes den som»

a) produserer fremstilling av seksuelle overgrep mot barn eller fremstilling som seksualiserer barn,

b) utgir, tilbyr, selger, overlater til en annen, gjør tilgjengelig eller på annen måte søker å utbre fremstillinger som nevnt i bokstav a,

c) anskaffer, innfører eller besitter fremstillinger som nevnt i bokstav a, eller forsettlig skaffer seg tilgang til slikt materiale

- at du til dømes oppbevarer, produserer eller vidareformidlar bilete/videoar der det er dokumenterte seksuelle overgrep mot barn.


- oppbevarer betyr at ein til dømes har bilete/videoar lagra på telefon, pc eller nettbrett. - produserer betyr til dømes at ein sjølv har bidrege til å «lage» ein film/bilete der barn vert utsette for seksuelle overgrep.


- vidareformidlar betyr til dømes at ein sender vidare/deler, bilete/videoar med andre




## 6. Kontaktinformasjon og aktuelle nettstader

Aktør/hjelpeteneste	Telefonnummer
Nok Sogn og Fjordane - <a href="#">Nok. Sogn og Fjordane</a>	
Redd barna - <a href="https://www.reddbarna.no/">https://www.reddbarna.no/</a>	
RVTS - <a href="https://www.rvtsvest.no/">https://www.rvtsvest.no/</a>	
Kors på halsen – <a href="https://korspaahalsen.rodekors.no/">https://korspaahalsen.rodekors.no/</a>	
Alarmtelefon for barn og unge, – <a href="http://www.116111.no">www.116111.no</a>	116111
Ung.no – <a href="http://www.ung.no">www.ung.no</a>	
Nasjonal veiviser ved vald - <a href="https://dinutvei.no/digital-vold/">https://dinutvei.no/digital-vold/</a>	
Aktivt val - <a href="https://www.rodekors.no/om-rode-kors/lokalforeninger-og-distrikter/sogn-og-fjordane/om-sogn-og-fjordane-rode-kors/aktivitetar/seksualopplysning/">https://www.rodekors.no/om-rode-kors/lokalforeninger-og-distrikter/sogn-og-fjordane/om-sogn-og-fjordane-rode-kors/aktivitetar/seksualopplysning/</a>	
Bremanger lensmannskontor	57 79 66 30
Politiet	02800
Naudnummer politi	112
Legevakt	116 117
Medisinsk naudhjelp	113
Barnevernsvakt (Mellom kl. 15:30 og 08:00 kvar dag og heile helger, altså utanom kontortid):	<b>47 45 72 72</b>
Statens barnehus, Bergen	<b>55 55 69 00</b>





 Bremanger kommune  
Vedteken i kommunestyre 07.10.21